

Protokoll frå møte i revisjonskomiteen i Helse Vest RHF

Tid: Revisjonskomiteen 01.09.2009, 16:30 – 18:30
 Møtestad: Rica Maritim Hotel

Komitémøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå revisjonskomiteen:	Forfall
Kari Oftedal Lima	
Komitéleiar	
Helge Espelid	
Medlem	
Gro Skartveit	
Medlem	
Internrevisor Bjørn Tunkland	

Deltakarar frå administrasjonen:
Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen
Eigardirektør Ivar Eriksen

Saker:	
08/09 B	Godkjenning av innkalling og dagsorden
09/09 B	Protokoll frå møte 10.12.08
10/09 B	Endeleg godkjenning av rapport Økonomisk avvik i 2008 i Helse Stavanger HF
11/09 B	Innkjøpsfunksjonar i helseføretaka
12/09 B	Økonomistyring i helseføretaka – oppfølging 2009
13/09 B	Årsrapport 2008 - godkjenning
14/09	Eventuelt

08/09 B Godkjenning av innkalling og dagsorden

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

09/09 B Protokoll frå revisjonskomiteens møte 10.12.08

Vedtak (samrøystes):

Revisjonskomiteen godkjenner protokollen.

10/09 B Endeleg godkjenning av revisjonsprosjekt: Økonomiske avvik i 2008 i Helse Stavanger HF.

Kommentarar:

Revisjonskomiteen har tidlegare (på møtet 05.05.09) behandla eit utkast til rapport. Det er bare gjort små verbale justeringar sidan denne behandlinga. Rapporten er elles blitt presentert ovafor leiargruppa i føretaket samt styret for Helse Stavanger.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonskomiteen godkjente rapporten.

11/09 B Revisjonsprosjektet: Innkjøpsfunksjonar i helseføretaka

Kommentarar:

Internrevisor ga ei orientering om omfang, prosess og innhald i prosjektet. Prosjektet er nok av dei mest ressurskrevjande både fordi det omhandlar alle 6 føretaka, inklusive Helse Vest IKT AS, - og fordi det inneheld ein gjennomgang av om det er avvik i faktiske innkjøp, samt gjennomgang og vurdering av system, rutinar og retningslinjer.

Internrevisjonen konstaterer avvik og brot på lov og forskrifter i alle føretaka. Desse avvika er ofte knytt til manglande konkurranseeksponering, likebehandling eller også dokumentasjon på dette.

Det er manglande kompetanse og kapasitet mange stader i føretaka. Ikkje alle kjenner føretaka sine rutinar for internkontroll. Skriftlege rutinar for innkjøpsarbeid, samt etisk regelverk for innkjøp er i varierende grad kjent for tilsette som arbeidet med desse funksjonane. Dei ulike systema som blir nytta i samband blir oppfatta som lite brukarvenlege, lite integrerte og tungvinte i bruk.

Det er ein del ulikskapar mellom føretaka, men generelt kan ein likevel seia at det er forbetningspotensial i alle føretaka.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonskomiteen rår til at styret tar prosjektet innkjøpsfunksjonar i helseføretaka til orientering og ber om å bli orientert om det vidare arbeidet med sikte på å rette opp dei forholda som er påpeikt i rapporten

12/09 B Økonomistyringsprosjektet – oppfølging 2009.

Kommentarar:

Internrevisor ga ei orientering om noen av resultatata frå prosjektet med utgangspunkt i endring frå førre undersøking. På visse område er det ei viss betring å spore, mens det på andre faktisk er ein tilbakegang. Revisjonskomiteen var samstemde i at ein bør halda fokus på økonomistyringa fortsett.

Leiar føreslo følgjande tillegg i vedtaket:

Revisjonskomiteen slår fast at det ikkje er store forbetringar i høve til førre revisjonsrapport og at få respondentar er kjent med tilrådingane i rapporten. Komiteen vil derfor at ein fortsett held fokus på dette området og at føretaka tar tak i dei utfordringane som er påpeika.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonskomiteen slår fast at det ikkje er store forbetringar i høve til førre revisjonsrapport og at få respondentar er kjent med tilrådingane i rapporten. Komiteen vil derfor at ein fortsett held fokus på dette området og at føretaka tar tak i dei utfordringane som er påpeika.

Revisjonskomiteen godkjente rapporten.

14/09 Eventuelt

Internrevisor orienterte om at han er utlånt til Helse Stavanger HF. Revisjonskomiteen var samde om å be om ei orientering frå administrerande direktør om plan og framdrift i arbeidet med å skaffe kompetanse som kan sikre kontinuitet og kvalitet i revisjonskomiteen sitt arbeid.

Ref. Bjørn Tunland
Stavanger 02. september 2009

Kari Oftedal Lima
Komitéeiar

Gro Skartveit

Helge Espelid